

# NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn

---

## *Svar på høyring frå Eidfjord fellesråd/sokneråd*

Me finn det positivt at utvalet er visjonære i val av tittel som omtalar det livssynsopne samfunn, framfor tidlegare tenking om ei livssyns*neøytral* offentlegheit. Det vert lagt opp til ein aktiv og støttande trus- og livssynspolitikk ovanfor alle borgarar, samstundes som utvalet understrekar at alle må akseptere å verte eksponert for andre sin trus- og livssynspraksis i det offentlege rom.

### **GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP FOR FRAMTIDIG TRUS- OG LIVSSYNSPOLITIKK**

Me er samde i dei åtte grunnleggjande prinsippa som legg føringa for framtidig trus- og livssynspolitikk. Overordna desse prinsippa burde vere: ”Staten sin aktive trus- og livssynspolitikk bør i si utforming også ta omsyn til samfunnets kulturelle og historiske identitet. Dette må gjelde så fram det ikkje bryt med trusfridom eller andre menneskerettar.” Andre utval, t.d. Enger-utvalet i NOU 2013:4, legg stor vekt på kyrkja si rolle som kulturberar etter 1814. Her vert kyrkja skildra som ein institusjon, som har vore med å bygge den kulturelle grunnmuren i landet, og mobilisert folk til aktiv samfunnsdeltaking.

Stålsett-utvalet ser ut til å i stor grad neglisjere den rolla Den norske kyrkja har hatt gjennom 1000 år, i bygging av det norske samfunnet. Den sentrale rolla kyrkja har hatt, og framleis har, for tre fjerdedelar av befolkninga som kultur-, omsorgs-, og riteinstitusjon må vektleggjast. Totalt høyrer ca. 90% av den norske befolkninga til ulike kristne trdomssamfunn, og omsynet til minoritetane må ikkje svekka majoriteten sine meiningar og ynskje.

### **Likebehandling**

Når det gjeld prinsipp om likebehandling meiner me at utvalet går altfor langt i oppfylle dette. På denne måten vil ein ikkje sikre religionens plass i det offentlege rom, men heller stå i fare for at den religiøse dimensjonen vert utestengd frå viktige offentlege hendingar. Dette må heller ikkje stå til hinder for at trussamfunn kan fatte avgjerd i interne saker, sjølv om verdigrunnlaget i trussamfunnet står i motsetnad til fellesverdiar i samfunnet elles. T.d. kan dette gjelde tilsettingssaker, og i kva oppgåver arbeidstakarar kan verte pålagd å utføre.

Utvalet ser ut til å la likebehandlingsprinsippet gå føre argument basert på historiske tilhøve, der desse kjem i konflikt.

### **Tilknytning mellom stat og religion**

Me meiner at tru og livssyn er viktig i livet til einskildmenneska, og dermed viktige for samfunnet. Men heller ikkje i eit pluralistisk samfunn treng det vere eit skarpt skilje mellom religion og stat. Ein stat må kunne knytast til majoriteten sitt livssyn, under føresetnad av at ein vernar minoritetane sine rettigheter. Ein stat må også med frimod kunne løfte fram sine tradisjonar, utan å stenge for andre. Ein kan ha preferanse for vårt eige, og samstundes opne for andre. Også menneskerettsdomstolen i Haag har slege fast at det ikkje strir mot menneskerettane og trusfridomen at staten er knytt til ein bestemt religion.

Dersom ein nasjon skal bestå som eit fellesskap mellom folk, er det viktig å vere medviten den nasjonale tradisjonen og kulturelle grunnmuren, og vidareutvikle denne utan å krenke rettighetene til dei med ein annan kulturell bakgrunn og ei anna tru.

## **GRUNNLOVSENDRING**

Utvalet ser ut til å ville ta omkamp både når det gjeld Grunnlovsendringa frå 2012 (§2, Verdiparagrafen og §16. Lov om trussamfunn), samt føremålsparagrafane for skule og barnehage, og ansvar for gravferdsforvaltninga. Alle desse sakene er nylig handsama og vedtekne i Stortinget, og det burde vere unødvendig å ta desse prosessane opp att på nytt så snart.

## **KYRKJA SI SAMFUNNSROLLE**

Det synast som utvalet sår tvil om legitimiteten til livssynsbaserte verksemder i utføring av offentlege oppgåver. Dette kan føre til at kyrkja sitt samfunnsoppdrag, knytt til m.a. gravferdsforvaltning, vigselfrett og rolla i høve større, offentlege markeringar fell vekk. Me ser dette som uheldig.

### **Gravferdsforvaltning**

Den norske kyrkja sin livssynsmessige forankring er ein ressurs, snarare enn eit problem i møte med det religiøse mangfaldet. Når ”tru møter tru”, t.d. i samband med gravferdsforvaltning, kan resultatet verte dialog, tillit og respekt, heller enn spenning og konflikt. Dette er livssynsopneheit i praksis. Me trur det kan vere lettare for menneske med eit anna livssyn å forhalde seg til eit anna trussamfunn enn til ein ”nøytral” instans når det gjeld spørsmål knytt til gravferd. I undersøkingar gjort i norske tilhøve uttrykker eit stort fleirtal, på tvers av trussamfunn, dessutan at ein er nøgd med Den norske kyrkja som gravferdsforvaltar.

### **Vigselsrett**

Utvalet er delt i synet på framtidig ordning for ekteskapsinngåing og vigselsrett. Me støttar mindretalet i utvalet, som går inn for at trus- og livssynssamfunn framleis har vigselsrett, slik ordninga er i dag. Dette vil me grunnkje med djupe røter og tradisjonar i det norske samfunnet, i ei ordning som fungerer godt. Samstundes fins det i eksisterande ordning stor valfridom for einskildmenneska.

### **Kyrkja si rolle ved krise,ulukke og nasjonale tragediar**

Ved nasjonale tragediar trekkjer svært mange til kyrkjene, sjølv om dei vanlegvis er det ein kan kalle ”kyrkjeframande”. 22. juli er eit aktuelt døme på dette, og understrekar viktigheita av å byggje vidare på røtene i det norske samfunnet, der kyrkja har ei sentral rolle som samlingspunkt i krisesituasjonar.

Dette gjeld også i kommunale kriseteam, der det i dag sit ein representant frå den norske kyrkja. Utvalet ynskjer å fjerne denne representasjonen, og at politi eller helsepersonell skal gå med dødsbodskap. Me meiner at prestetenesta i staden bør framhevast i samband med kriser og ulukker. Dei gjer ein god og viktig jobb i møte med menneske i sårbare situasjonar, uansett religion og livssyn. Det er også viktig å legge vekt på prestane si totale teieplikt i slike situasjonar.

### **Ansvar for bevaring av kulturminner**

Som Gjønnes-utvalet peika på i NOU 2006:2, er det store behov knytt til vedlikehald av freda og verneverdige kyrkjer. Også Stålsett-utvalet ser behovet for å etablere særskilde finansieringsordningar. Me meiner det er et samfunnsansvar å ta vare på desse monumentalbygga, som er historie-, kultur- og arkitekturberarar for innbyggjarane i Noreg, uavhengig av tilknytning til Den norske kyrkja.

### **PLAGG OG SYMBOL**

Me meiner at i dei yrke og situasjonar der ein brukar uniform, som nøytral representant for det offentlege Noreg, skal det ikkje nyttast religiøse plagg og symbol saman med uniforma. T.d. gjeld dette politi og domstolar, som skal vere uhilda i alle saker.

### **OPPSUMMERING**

Utvalet si tilnærming til, og forståing av omgrepet religion er for smal. Religion er meir enn eit livssyn og ei tru som ei gruppe menneske sluttar seg til. Det handlar også om kultur, riter, praksis, tradisjonar, haldningar, verdssystem, individuell og kollektiv identitet. Me meiner at det livssynsopne samfunnet best vert oppbygd ved at trus- og livssynsnærvær på ulike samfunnsområde utfyllast og supplerast av eit mangfald av trus- og livssynsaktørar, og ikkje ved at ein reduserer Den norske kyrkja si rolle og nærvær i samfunnet.

Eidfjord sokneråd  
17.06.2013